



TILSKOT TIL PRIVATE ANLEGG FOR VASSFORSYNING

1. GENERELLE FORUTSETNINGAR FOR SØKNAD OM TILSKOT

- 1.1 Ordninga gjeld ny utbygging eller utviding av eksisterande anlegg (jfr imidlertid pkt 2.7 nedenfor).
- 1.2 Ordninga dekkjer fast busetnad og næringsvirksomhet. Hytter og fritidshus er ikkje omfatta av ordninga.
- 1.3 Private utbyggingsplaner må vera samordna med planer for kommunale anlegg og utbygging.
- 1.4 Vatnet må kunne godkjennast som drikkevatt etter minstekrav som følgjer av forskrift om vannforsyning og drikkevann av 01.02.95 etter analyser av Næringsmiddeltilsynet.
- 1.5 Vatnet må vera av tilstrekkelig mengde.
- 1.6 Ledningsnett inklusive deler skal vera godkjend for bruk til trykkledning for vatn. Ledninga skal ligge frostfritt.
- 1.7 Ansvarlege for tiltaket må vera godkjend for aktuelt arbeid (jfr Plan- og bygningsloven).
- 1.8 All montasje av maskinelt og elektrisk utstyr skal vera forskriftsmessig.
- 1.9 Søkar må dokumentera nødvendige rettigheter som sikrar nedbørsfelt og kilde mot forureinande inngrep.
- 1.10 Det må vere rutiner for vedlikehald og drift av anlegget.
- 1.11 Tiltaket skal vere godkjend av kommunen før utbygging for avklaring av omfanget og tekniske løysingar for utbygginga. Fastsatt skjema blir utlevert på forespørsel.
- 1.12 Etter at anlegget er bygd ferdig, må utbygger søke om tilskot på eige skjema vedlagt dokumentasjon på tekniske løysingar, godkjenning av vatnet og spesifiserte utbyggingskostnader..

2. BEREGNING AV TILSKOT

- 2.1 Avgift for tilsvarande bygningsmasse (bruksareal) tilknytta kommunalt anlegg og eventuelt offentlig tilskot, blir trekk frå ved beregninga av kommunalt tilskot.
- 2.2 Ut frå gjeldande reglar for eigen dekning av stikkledningar på kommunale anlegg, blir verdien av 50 m ledningsgrøft pr abonnent, trekk ut av tilskotsgrunnlaget.
- 2.3 Verdi av eige arbeid blir rekna med i kostnadsgrunnlaget, der dette er gitt opp til skattemyndighetene.
- 2.4 Standard beregningsmetode av kapitaliseringskostnader, er 20 års avskrivning og rente tilsvarande kommunale utbyggingar av anlegg.
- 2.5 Vedlikehaldskostnader med unntak av dei anleggselement som ligg innafør 50 m frå tilknytta bygning, blir rekna med ved beregning av årlege kostnader.
- 2.6 Tilskotet blir utbetalt som eingongsbeløp justert etter gjeldande rente på innskot i bank. Eventuell fordeling mellom abonnentar blir ordna internt.
- 2.7 Kommunen kan gi tilskot til eksisterande anlegg som ikkje er eldre enn 10 år frå vedtaksdato for tilskotsordninga. Anlegga må fylla krava for tilskot som gjeld for nye anlegg (jfr pkt 1 ovanfor).
- 2.8 Tildeling av tilskot skjer ut frå godkjende kostnader og årleg vedtatt budsjett.

3. PRIORITERING AV SØKNADER OM TILSKOT

OVERORDNA PRIORITERING

- 3.1 Område med svært dårlig vatn og lite vatn blir prioritert først
- 3.2 Fellesanlegg blir prioritert framfor enkeltanlegg.

VIDARE PRIORITERING

- 3.4 Gardsbruk med mjølkeproduksjon
- 3.5 Bedrifter med krav til EØS-godkjend vatn
- 3.6 Boligar